



VINDAFJORD
KOMMUNE




Etne kommune

RUTINE

Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte

for skule og PPT 2022-2026





VINDAFJORD
KOMMUNE

ETNE
KOMMUNE



Kjelde: Fylkesmannen i Oppland

Som del av Haugalandsløftet vart rutinane vart utarbeida, på bestilling av kommunedirektør i Etne og Vindafjord.

Rutinane vart gjort gjeldane frå 01.08.2017, og revidert ved innføring av «Stafettloggen» 01.08.20.

Rutinar har hatt gjennomgang juni 2022 og gjeld for perioden 2022-2026.

Planen er godkjent og vedtatt av kommunalsjefane i Etne og Vindafjord august 2022.



Innhald

Innleiing

Omgrep, roller og ansvar

Plan for kvalitetssikring av elevane sitt læringsutbytte

Fase 1: Ordinær opplæring- bekymringsfasen

- 1.1 Skulen si plikt til å vurdera læringsutbyttet
- 1.2 Skulen har plikt til å vurdera det ordinære opplæringstilbodet
 - 1.2.1 Skulen si organisering og rammefaktorar rundt eleven
 - 1.2.2 Eleven sitt faglege utbyte
 - 1.2.3 Eleven sitt personlege utbyte
 - 1.2.4 Eleven sitt sosiale utbyte
- 1.3 Skulen sitt kartleggingsarbeid «Kartleggingshjulet»
 - 1.3.1 Fasar i Kartleggingshjulet

Fase 2: Tilvising til PPT

- 2.1 Tilvising til PPT
- 2.2 Inntakssamtale
- 2.3 Utgreiingsplan
- 2.4 Plan for rettleiing og vidare arbeid

Fase 3: Sakkunnig vurdering av eleven sitt behov for spesialundervisning


- 3.1 Element i den sakkunnige vurderinga
- 3.2 Kva den sakkunnige vurderinga skal ta stilling til

Fase 4: Vedtaksfasen

Fase 5: Planlegging og gjennomføring

- 5.1 IOP
 - 5.1.1 Innhald i IOP
- 5.2 SAMPRO
- 5.3 Stoppunkt og undervegsvurdering av spesialundervisninga

Fase 6: Evaluering og vegen vidare.





Innleiing

Visjon og verdier i skulane

Visjon og verdier er nedfelt i planverka i dei to kommunane og dannar grunnlaget for alt arbeid med born og unge. Tilpassa opplæring skal sikra at alle born får eit tilfredstillande læringsutbytte.

Visjon

«Barnehage, skule og PPT skal saman gi alle elevar eit læringsløp der kvart einiskild barn får oppfylt sitt fulle faglege potensial og blir eit trygt, aktivt og sjølvstendig menneske.»

Slagord

«Saman for læring - læring for livet»

Felles haldningar og verdier

«Skulane tek vare på god undervisningspraksis, men arbeider og for å utvikla praksis, m.a. gjennom forskingsbasert skuleutvikling. Rektor er leiari og pådrivar av all skuleutvikling på skulen.

Hovudfokus for arbeid med skuleutvikling er, og skal alltid vera, eleven sitt læringsutbytte.

Elevar og føresette i Vindafjord opplever ein skule der dei blir møtt med openheit, tillit og respekt.

Vurdering for læring er knytt til all opplæring, også spesialundervisning».


- Barnehage og skule skal gi barna ei fagleg utvikling som tek utgangspunkt i deira føresetnader, og dei skal oppleva læringstrykk og meistring.
- Barnehage og skule skal vere trygge og ivaretakande, der barna lærer om og utviklar sosial og emosjonell dugleik og demokratisk kompetanse.
- Motivasjon og kompetanse som gjer avgangselevar i stand til å gjennomføra vidaregåande skule og å delta i samfunnet.
- Pedagogisk utviklingsarbeid har nyare forskning som rettesnor.
- Samhandling mellom barnehage/skule og PPT legg vekt på organisasjons- og kompetanseutvikling, i tillegg til individarbeid.

Fokusområde i Vindafjordskulen





Fokusområde i skulane i Etne



Omgjepsavklaringsar

Omgrepsavklaringsar

God samhandling i alle ledd krev at ein har felles forståing og er einige om kva som er innhald i sentrale omgrep.

Tilpassa opplæring og spesialundervisning



Tilpassa opplæring fagnar alle elevar, anten dei har ordinære opplæring eller spesialundervisning.

Spesialundervisning er òg tilpassa opplæring, men ikkje all tilpassa opplæring er spesialundervisning.

God forståing for kva tilpassa opplæring er, og tilstrekkeleg med ressursar kan medføra mindre spesialundervisning. Hovudmålet er at ordinær opplæring har så høg kvalitet* at den klarar å fagne om alle typar elevar med deira variasjonar og føresetnadar.

Høg kvalitet i opplæringa/undervisninga er kjenneteikna av:

- høgt pedagogisk medvit
- god systematikk
- tett oppfølging av den einskilde eleven i fellesskapet



Tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring er vanlig undervisning eller spesialundervisning, der ein gjennom observasjon, planlegging, gjennomføring og jamn evaluering aktivt ser til at alle elevar- med sine mangfaldige særtrekk- får utfordringar og muligheter som bidrar til meistring og tilhøyr, faglig og sosialt, individuelt og i gruppe. Tilpassa opplæring er eit grunnleggjande prinsipp for all opplæring, og handlar om:

- Organisering
- Val av arbeidsmåtar og metodar
- Variasjon i arbeidsoppgåver, lærestoff og læringsstrategiar
- Ulikt tempo og progresjon
- Ulik vanskegrad i oppgåver
- Ulik grad av måloppnåing

Spesialundervisning

I følge Opplæringslova, §5.1, har elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredstillande utbytte av det ordinære tilpassa opplæringstilbodet, rett til spesialundervisning. Dersom ein er i tvil om eleven skal ha spesialundervisning og individuell særrett etter opplæringslova §5.1 vidare, kan følgjande spørsmål vera ei hjelp i vurderinga:

Har eleven har behov for tiltak innan eitt eller fleire av punkta under?

- Eleven treng avvik frå kompetansemåla
- Eleven har behov for avvik frå organisering
- Eleven har behov for kompensatoriske tiltak

«Avvik frå kompetansemåla»

Ein må ha som eit overordna mål at eleven skal nå måla i LK-20. Avvik frå LK-20 betyr å kutta vekk mål i læreplanen. På ungdomsskulen kan eleven ikkje få karakter i fag med avvik. Det å ha avvik kan få konsekvensar for eleven si utdannings og yrkeskarriere. Avvik gjeld berre elevar med spesialundervisning. Dersom ein må ha avvik må ein avklare dette med foreldre og eleven og forklare kva konsekvensar dette inneber.

«Avvik frå organisering»

Ein elev har rett til å høyre til i eit sosial fellesskap ved skulen. Nokre elevar vil likevel ha behov for ei organisering av opplæringa der dei tilbringar deler av opplæringa utanfor dette fellesskapet. Det blir kalla spesialundervisning om dersom eleven vil trenga ei slik organisering permanent, eller over lang tid.

«Kompensatoriske tiltak»

Kan vere til dømes programvare eller utstyr som ein elev treng for å følgje den ordinære undervisninga eller auka læringskapasitet ved å kompensera for ein vanske.

Rolleavklaringar og ansvar

Eigar har overordna ansvar for all opplæring.

Rektor har hovudansvar for all opplæring, har ansvar for at medarbeidarane får opplæring i planar og rutinar og har system for oppfylgning. Rektor har mynde delegerer oppgåver knytt til opplæring og forvaltning. Rektor får del i uro knytt til manglande læringsutbytte. Sakar ein ynskjer drøfta med PPT skal alltid vera drøfta med rektor først. Rektor avgjer kva saker ein skal tilvisa PPT, skriv under tilvising, pedagogisk rapport og IOP. Rektor gjer vedtak knytt til spesialundervisning.

Kontaktlærer er leiar for heile elevgruppa og har i oppgåve å fylgja læringsutviklinga til kvar elev i gruppa. Kontaktlærer har hovudansvar for at IOP vert laga innan frist. Lærarar i spesialundervisning og ordinær opplæring samarbeider om heilskapleg opplæringa til elevar med spesialpedagogiske behov. IOP og plan for ordinær opplæring bør samordnast ut frå omsynet til individuell tilpassing og inkludering. Kontaktlærer melder frå til rektor ved uro for mangelfullt læringsutbytte. **Assistent i spesialundervisninga** skal vere under rettleiing av ein pedagog. Det er pedagogen som er ansvarleg for opplæringa



Spesped-koordinator si stillingsskildring vert utarbeida av rektor. Koordinator kan kartleggja, rådgje og rettleia lærarar. Koordinator samarbeider med rektor om det førebyggjande og spesialpedagogiske arbeidet på skulen. Koordinator er skulen sin kontaktperson til skulen sin PP-kontakt. Koordinator deltek på PP-dagar.

PPT samarbeider og rettleier skulen på initiativ frå skulen, både i systemarbeid og individarbeid. PPT sin kommunikasjon med skulen går via leiar. Etter avtale kan ein samarbeida direkte med kontaktlærar og arbeidslaget rundt eleven. Møte mellom skule og PPT bør i størst mogeleg grad ha deltakarar frå administrativt nivå for å sikra at avtalar og tiltak er forankra administrativt. Dersom PPT sende ut spørjeskjema m.m. skal desse sendast tenesteveg via administrasjonen; ikkje direkte til enkelttilsette. I utarbeiding av sakkunnig vurdering har PPT eit sjølvstendig ansvar. Økonomi og ressursar skal alltid drøftast med rektor.



Plan for kvalitetssikring av elevane sitt læringsutbytte

Planen er bygd opp av 6 fasar. Fasane er bygd opp etter og har dei same fasane som «Rettleiar for spesialundervisning» frå UDIR for utdjupande forståing av dei ulike fasane kan en lesa rettleiaren på denne adressa: <http://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialundervisning/Spesialundervisning/>

Fase 1: Ordinær opplæring- bekymringsfasen

Skulen sitt arbeid med kartlegging, analyse, tiltak og dokumentasjon

1.1 Skulen har plikt til å vurdere utbyttet av opplæringa og ta stilling til bekymringa

Skulen har ei *plikt til å vurdere og eventuelt prøva ut tiltak* med sikte på å gi eleven tilfredsstillande utbytte av opplæringa før vedtak om spesialundervisning, lovfesta i opplæringslova § 5-4. Dette skal sikre *at skulane føretek ei vurdering av om eleven kan få utbytte av opplæringa* før eventuell tilvising til PP-tenesta.

At læringsutbyttet av det ordinære opplæringstilbodet ikkje er tilfredsstillande og at eleven dermed kan ha rett til spesialundervisning er ei vurdering basert på skjønn frå fleire partar i den spesialpedagogiske tiltakskjeda. I nokre tilfelle kan andre tiltak enn spesialundervisning vera aktuelle og hensiktsmessige, slik som førebyggjande arbeid med læringsmiljøet, særskilt norskopplæring, bruk av ekstra lærarressurs, intensivering av opplæring i grunnleggjande dugleikar, innkjøp av læremiddel eller andre hjelpemiddel mm. Det er derfor viktig at PPT rettleiar og vurderer saman med skulane om ei eventuell tilvising skal skje.

1.2 Skulen har plikt til å vurdere det ordinære opplæringstilbodet



I førtilvisingsfasen handlar det om vurderingar av den ordinære opplæringa går langt nok i å tilpassa læringsaktivitetane til eleven sitt behov, evner og føresetnader i den vanlige undervisninga. Skulen sin organisatoriske og pedagogiske tilrettelegging, og ulike sider av elevane sitt faglege, sosiale og personlege utbyte må vurderast:



Videreutvikla etter Lindbäck og Strandkleiven 2010

1.2.1 Skulen si organisering og rammefaktorar rundt eleven

- Arbeidet som går føre seg for eit godt og trygt elev og klasse miljø.
- Gruppestorleik og vaksenressursar.
- Metodikk for undervisning i klasserommet
- Kartleggingsrutinar som er nytta
- Tilpassing av lærestoffet og bruk av vurdering for læring
- Læremiddel og hjelpemiddel som er i bruk

1.2.2 Eleven sitt faglege utbyte

- Eleven si mål oppnåing etter kompetansemåla (læreplanen for fag eller formål med faget)
- Eleven sine grunnleggjande dugleikar; å kunne lesa, skriva, rekna, å kunne uttrykkja seg munnleg og digital kompetanse
- Innhaldet i opplæringa; elevane sine forkunnskapar, tilpassing av lærestoffet, lærebøker og andre læremiddel
- Eleven sitt utbyte av endra rammefaktorar; gruppestorleik, andre læremiddel og hjelpemiddel
- Læraren si vurdering av kompetanse og bruk av vaksenressursar på trinnet

1.2.3 Eleven sitt personlege utbyte


- Eleven si personlege utvikling i forhold til målsetjingane i generelle del av læreplanen og i prinsipp for opplæring (læringsplakaten)
- Eleven si oppleving av motivasjon og mestring

1.2.4 Eleven sitt sosiale utbyte

- Sosial utvikling
- Interesser, inkludert interesse for skulen
- Heimekultur i forhold til skulen sine forventningar til eleven si læring



1.3 Skulen sitt kartleggingsarbeid «Samhandlingshjulet»



(For større utgåve av samhandlingshjulet: sjå vedlegg 12)

Målet er å gi eleven eit tilfredstillande læringsutbytte innanfor dei rammer skulen har til rådvelde ved å tilpassa undervisning, organisering og rammefaktorar til eleven sitt beste.

Ved mistanke om eller bekymring for manglande læringsutbytte har skulen plikt til å vurdere og prøva ut tiltak med sikte på å gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa før eventuell tilvising til PPT

1.3.1 Fasar i «Samhandlingshjulet»

| Tiltak | Ansvar |
|---|---|
| Undervisningspersonalet skal ved bekymring om at eleven ikkje får tilfredsstillande utbytte av ordinær opplæring, melde frå til skulen si leiing; sjå vedlegg 1 | Kontaktlærer/faglærer/timelærer |
| Kartlegging, observasjon og pedagogiske analyse. Ein kan her evt. tilvise saka som systemsak; sjå Vedlegg 5 | Kontaktlærer/faglærer/timelærer |
| Kartlegging av enkeltelev – samtale med elev og føresett Presentera og starta tiltakslogg, sjå vedlegg 2 | Kontaktlærer |
| Setja i verk tiltak og evaluera desse fortløpande | Kontaktlærer i saman med faglærer/timelærer |



| | |
|---|---|
| Presentera og starta tiltak og evaluering i «Stafettlogg» | Kontaktlærer/faglærer/timelærer evt koordinator |
| Vurdering av tiltak: elev, føresetts og skule | Kontaktlærer |
| Samtale med rektor | Kontaktlærer |
| Samarbeid skule og PPT | Rektor. |
| Oppsummering av tiltak i samarbeidsmøte med skule, PPT og føresetts. Det vert konkludert med at eleven får eit tilfredstillande utbytte av den ordinære opplæringa, eller kan få det med tilpassingar jfr. §1-3, tilpassa opplæring. Eller rektor/skule sender tilvising til PPT. | Rektor/kontaktlærer/PPT |
| Før tilvising til PPT skal det vera gjennomført kartlegging etter plan, Språk 5-6/ Språk 6-16 og 20 spørsmål | Koordinator |
| Ved tilvising til PPT skal det utarbeidast ein pedagogisk rapport og leggja ved «Stafettlogg» | Kontaktlærer |

* Pedagogisk analyse bør ein gjennomføra saman med klasseteam.

** Systemarbeid – dersom ein treng rettleiing i høve klassemiljø m.m. tilviser ein som systemsak

Vedlegg 1: Rutine for læringsutbytte skule

Vedlegg 2: Stafettlogg

Vedlegg 3: Skjema «Pedagogisk rapport»

Vedlegg 4: Vedtekne kartleggingsprøvar

Vedlegg 5: Skjema «Tilvising systemsak»

Vedlegg 6: Skjema «Tilvising individsak»

Fase 2: Tilvising til PPT

Merknad: Før tilvising skal saka vera nøye kartlagt, tiltak vera prøvd ut og dokumentert. Tiltaka skal omhandla tilpassingar innan undervisning, rammefaktorar og organisering

Merknad: Skal eleven tilvisast PPT må skulen ha vurdert eitt eller fleire av følgjande kriterium som naudsynte for at eleven skal få eit tilfredstillande utbytte av undervisninga.

- 1) Eleven treng vurdering av avvik frå kompetansemåla i kunnskapsløftet
- 2) Eleven treng vurdering av alternativ organisering av opplæringa
- 3) Eleven treng vurdering av kompenserande hjelpemiddel

2.1 Tilvising til PPT

- Tilvising med dokumentasjon vert sendt til PPT. Tilvising til PPT skal gjerast skriftleg på eige skjema
- Føresette og elevar over 15 år, må ha gitt samtykke jf. Opplæringsloven, § 5-4
- Rektor skal signera tilvisinga
- Rektor er ansvarlig for at pedagogisk rapport med avtalt dokumentasjon, ligg ved.

2.2 Inntakssamtale

- PPT kallar inn foreldre/føresette/evt. elev til samtale
- PPT kallar inn skule til samtale

2.3 Utgreiingsplan

1. PPT utarbeider plan for arbeidet i saka
2. PPT gjennomfører testing





2.4 Plan for rettleiing og vidare arbeid

- PPT lagar skriftleg sakkunnig rapport
- PPT kallar inn for tilbakemeldingsmøte etter utgreiing.
- PPT, skule og foreldre drøftar vidare plan for arbeidet
- Det vert drøfta om det skal utarbeidast sakkunnig vurdering i saka

Vedlegg 7: Skjema «Samtykke til utarbeiding av sakkunnig vurdering og vedtak»

Fase 3: Sakkunnig vurdering av eleven sitt behov for spesialundervisning

Merknad: Den sakkunnige vurderinga kan konkludera med at eleven kan ivareta innfor prinsippet om tilpassa opplæring jmfør opplæringslova § 1-3 *eller* at eleven har behov for spesialundervisning jfr. opplæringslova § 5-1. Den sakkunnige vurderinga gjev viktig informasjon.

Foreldre og elev skal involverast i alle deler av prosessen. Synet deira skal koma fram i ei sakkunnig vurdering. Foreldre kan innhenta alternativ vurdering frå ein annan sakkunnig instans.

Før rektor fattar vedtak om spesialundervisning, skal det være utarbeidet ei sakkunnig vurdering. «Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringsbehov som bør givast» (opplæringslova § 5-3).

3.1 Den sakkunnige vurderinga består av to hovudelement; utgreiing og tilråding.

Sakkunnig vurdering inneheld ei heilskapleg utgreiing av eleven og ei vurdering med utgangspunkt i testar, kartleggingar og observasjonar.

Dokumentet kalla «sakkunnig vurdering» inneheld to delar. Den første delen, utredninga, er ei beskriving og vurdering av eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet og ei oppsummering av eleven sine særlege behov. Tilrådinga er den siste delen av dokumentet, og inneheld realistiske mål for spesialundervisninga, råd om korleis eleven kan ivareta innfor ordinær opplæring og ei beskriving av det forsvarlige opplæringstilbodet eleven skal få.

3.2 Kva den sakkunnige vurderinga skal utreda og ta stilling til

- om ein kan hjelpa med dei vanskane eleven har innfor det ordinære opplæringstilbodet
- eleven sine lærevanskar og andre særlege forhold som er viktig for opplæringa
- det ordinære opplæringstilbodet
- eleven sitt faglege, personlege og sosiale utbytte av det ordinære opplæringstilbodet
- eventuell beskriving av spesialundervisninga
- eventuelle realistiske opplæringsmål for eleven i forhold til læreplanen
- viktige prinsipp innfor den ordinære opplæringa

Rektor har et ansvar for at den sakkunnige vurderinga gir et forsvarlig grunnlag for å fatta enkeltvedtak. Dersom rektor meiner at den sakkunnige vurderinga ikkje gir et tilstrekkeleg grunnlag for å utforme eit vedtak, skal rektor be PPT om å utgreia dette nærmare før enkeltvedtak vert utarbeida. Når PPT er ferdig med den sakkunnige vurderinga sender ein denne til vedtaksmynde, med kopi til foreldre.

Fase 4: Vedtaksfasen



Etter at PPT har levert sin sakkunnige vurdering til skule og føresette, innhentar rektor samtykke til å gjera vedtak. Rektor tek avgjera om eleven har rett til spesialundervisning . Rektor skal fatte enkeltvedtak som er i samsvar med reglane i opplæringslova og forvaltningslova.

I dei tilfella der det er gjeve samtykke til vedtak om spesialundervisning, skal saka alltid avgjerast ved at det vert fatta eit enkeltvedtak.

Dersom eleven får rett til spesialundervisning, må enkeltvedtaket ta stilling til kva som vil være eit forsvarleg tilbod etter opplæringslova § 5-1. Enkeltvedtaket skal setta ramma for den opplæringa eleven skal ha. Den sakkunnige vurderinga er rådgjevande. Dersom enkeltvedtaket har avvik frå sakkunnig vurdering, må grunngjevinga synleggjera kvifor det er avvik .

Enkeltvedtaket vert fatta i websak og skal:

- vise til dei reglene vedtaket bygger på
- nemna dei faktiske forholda som vedtaket byggjer på
- opplysa om høve til å klaga
- angi vedtaket sin varigheit
- klårt og fullstendig visa kva opplæringstilbod eleven skal ha
- klart angi når eleven fylgjer klassen sin plan og når eleven fylgjer individuell opplæringsplan (IOP)
- angi eleven sitt behov for kva som er eit forsvarleg opplæringstilbod for den aktuelle eleven
- angi innhaldet i opplæringa, den organisatoriske gjennomføringa og omfanget av eventuelle støttetiltak



Fasen vert avslutta ved at enkeltvedtaket blir sendt til eleven og dei føresette med kopi til PPT. Dersom eleven eller føresette klagar på enkeltvedtaket, vil handsaminga av klagen også bli omfatta av denne fasen.

Vedlegg 8 Skjema «Mal for enkeltvedtak om /avslag om spesialundervisning»

| Innhald | Tidspunkt / periode | Ansvar |
|---------------------|--|---|
| Sakkunnig vurdering | Rebestilling 1.02 har som mål å vera ferdig 1.05 Ny saker: 1 mnd eller utan ugrunna opphald | Rebestilling- rektor skule Sakkunnig vurdering – PPT |
| Vedtak | Forvaltningslova §11a | Vedtaksmynde |

Fase 5: Planlegging og gjennomføring

Merknad: Før skulen set i gang spesialundervisning skal det utarbeidast IOP. Enkeltvedtaket set dei absolutte rammene for ein IOP. IOP skal byggja på enkeltvedtaket og den sakkunnige vurderinga. IOP må samordnast med planen for ordinær opplæring slik at eleven får eit heilskapleg tilbod.

5.1 IOP

Alle elever som får spesialundervisning, skal etter opplæringslova § 5-5 ha ein individuell opplæringsplan (IOP).



Det er enkeltvedtaket som er grunnlaget for IOP. IOP-en vert utarbeida i websak og skal utarbeidas så snart som mogeleg etter at enkeltvedtaket er fatta. Rektor har ansvar for å leggja til rette for eit godt planarbeid og sikra at IOP-ane som blir utarbeida er innanfor krava til lova.

IOP skal konkretisera og setja i verk enkeltvedtaket og være et arbeidsverktøy for skulen og lærarane. IOP skal ikkje innehalde nye eller andre rettigheter for eleven enn det ein finn i enkeltvedtaket. Det er ikkje et krav i opplæringslova at føresette må samtykka til den konkrete IOP-en før denne kan takast i bruk.

5.1.1 Innhald i IOP

Det går fram av opplæringslova § 5-5 at ein IOP skal visa følgjande:

a) Mål for opplæringa

- mål skal utarbeidast med utgangspunkt i sakkunnig vurdering og enkeltvedtaket
- kompetansemåla i læreplanen er førande, behovet for avvik skal komme fram i sakkunnig vurdering og enkeltvedtak
- måla skal uttrykka kva spesialundervisninga siktar mot når det gjeld eleven sin læring og utvikling
- måla skal vera konkrete, realistiske og målbare

b) Innhaldet i opplæringa

Mål og innhald henger nøye saman, derfor skal innhaldet vera utforma på grunnlag av måla for opplæringa.

- angi kva eleven skal arbeide med for å opparbeida kompetansen som går fram av måla
- angi område og arbeidsmetodar
- alternativt innhald / bortval


c) Korleis opplæringa skal gjennomførast

Kva som kan takast inn som måtar å organisera på, er fastsett i enkeltvedtaket.

Dette kan gjelda tid til spesialundervisning totalt, tid i mindre gruppe, i klasse med ekstra lærer, eine-undervisning osv.

5.2 Sampro - verktøy for individuelle opplæringsplaner

Vindafjord kommune har innført Sampro, www.individplan.no, som verktøy for arbeidet med individuelle opplæringsplanar (IOP). Kontinuerlig vurdering av læringsutbytte og påfølgjande justering av undervisning er viktige element for at spesialundervisninga skal føra til auka læringsutbytte. Vurdering av spesialundervisning skal skje fortløpande gjennom heile året. Sampro er eit verktøy som gir mogelegheit for dynamisk vurderingsarbeid gjennom heile planperioden.



[Vedlegg 9 Rettleiing til Sampro for koordinator](#)

Andre brukarmanualar kan lastast ned på:

<https://community.visma.no/en/Nedlastinger/?ProgramNo=122>

5.3 Stoppunkt og undervegsvurdering av spesialundervisninga:

| Innhald | Tidspunkt / periode | Ansvar |
|---------|---------------------|--------|
|---------|---------------------|--------|



| | | |
|--|---|---|
| Samanheng sakkyndig vurdering og IOP -målformuleringar i IOP | Mai/juni/august Fortløpande i nye saker | Kontaktlærer og PPT |
| Utarbeide IOP | Innan tre arbeidsveker etter at vedtak er fatta. | Kontaktlærer |
| Innhenta samtykke for nye elevar | Samtykke i elevmappe før spesialundervisning blir sett i gong | Rektor |
| IOP-møte Møte med føresette til elevar som får IOP. Gjennomgang av IOP og bruk av Sampro | Like etter skulestart | Kontaktlærer |
| Kvalitetssikring: Alle med enkeltvedtak har IOP. Det er tatt ein utskrift av planen og kopi er lagra i eleven si mappe på skulen. | Veke 40. | Rektor |
| IOP er tema i utviklingssamtalen | Haustralvåret | Kontaktlærer og spesialpedagog |
| Teamtid/ fellestid: Erfaringsdeling og drøfting | September/oktober/ november | Skuleleiinga |
| Evaluering av spesialundervisning og vegen vidare | November – januar. Frist for nye melding til PPT er 1.02. | Rektor/kontaktlærer/elev/ foreldre/føresett evt PPT |
| Teamtid / fellestid: Erfaringsdeling og drøfting | Mars, april | Skuleleiinga |
| IOP er tema i utviklingssamtalen | Vårhalvåret | Kontaktlærer og spesialpedagog |
| Kvalitetssikring: Utkast til årsrapport Rektor blir gjort kjent med og gir tilbakemelding på rapporten sitt innhald. | Innan 10. juni | Kontaktlærer |
| Endeleg årsrapport | Innan 15. juni | Kontaktlærer |



| | | |
|--|---------------|---|
| | | |
| Kvalitetssikring: Mål og aktivitetar er skrive ut og lagt i eleven sin mappe. | Innan 20.juni | Rektor <i>Foreldre sender denne til foreldre, kommunen og PPT.</i> |

Fase 6: Evaluering og vegen vidare.

Merknad: Det er et krav i opplæringslova § 5-5 at skulen skal utarbeida ein årsrapport for alle elever med spesialundervisning og individuell opplæringsplan (IOP). Rapporten skal gi ein skriftlig oversikt over den opplæringa eleven har fått, og ei vurdering av utviklinga til eleven.

Merknad: Desse punkta skal visast i årsrapporten i Sampro under hovudmål for spesialundervisninga

Denne vurderingsfasen omhandlar vurdering av elever som mottar spesialundervisning, om dei har eit tilfredsstillande læringsutbytte. Vurderinga skal gi grunnlag for eventuelt å justere det vidare arbeidet, anten det gjeld innhald, arbeidsmåtar, organisering eller metodar. Grunnlaget for denne vurderinga er IOP-en.

5.1 Skulen sine årlege vurderingar omfattar

- vurdering av eleven sitt utbytte av opplæringa sett i forhold til oppsette mål i IOP-en
- vurdering av realistiske kompetanse- og læringsmål for eleven
- vurdering av føresetnadane for å ivareta eleven sin læring, særlege forhold som er viktige for eleven sin opplæring
- vurdering av metodar og organisering, behov for særskilt utstyr, lære- eller hjelpemiddel

5.2 Oppsummering av årsvurderinga inneheld ei vurdering av:

- Korleis opplæringa er tilpassa for eleven innanfor den vanlige undervisninga og som spesialundervisning
- revidering av realistiske kompetanse- og læringsmål for eleven
- vurdering om det framleis er behov for spesialundervisning

Vedlegg 10: Rutine «Evaluering av spesialundervisning og vegen vidare».



VEDLEGG

Det er utarbeidet sju vedlegg i rutinebeskrivinga. Disse er publisert saman med dette dokumentet på Riskmanager under felles skule, Samarbeid skule-PPT

Kvalitetssikring 2016:

VEDLEGG 1: RUTINE «URO FOR LÆRINGSUTBYTTE»

VEDLAGG 2: STAFETTLOGG *Conexus

VEDLEGG 3: SKJEMA «PEDAGOGISK RAPPORT» *Websak

VEDLEGG 4: VEDTEKNE KARTLEGGINGSPRØVAR

VEDLEGG 5: TILVISING SYSTEMSAK *Websak

VEDLEGG 6: TILVISING INDIVIDSAK BARNEHAGE OG SKULE *Websak

VEDLEGG 7: SAMTYKKE TIL UTARBEIDING AV SAKKUNNIG VURDERING OG VEDTAK * Websak

VEDLEGG 8: SAMTYKKE TILL FRITAK ETTER OPPLÆRINGSLOVA §2.1-4.ledd * Skal i websak

VEDLEGG 9: SAMTYKKE TIL VEDTAK OM SPESIALUNDERVISNING *Websak

VEDLEGG 10: RUTINE EVALUERING AV SPESIALUNDERVISNING OG VEGEN VIDARE

Andre relevante vedlegg:

VEDLEGG 11: OBSERVASJONSPROTOKOLL- LÆRING OG LÆRINGSMILJØ

VEDLEGG 12: SAMHANDLINGSHJULET

Bakgrunnsdokument UDIR:

Om spesialundervisning:

<http://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialundervisning/>

Juridisk rettleiar for spesialundervisning

<http://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialundervisning/Spesialundervisning/>

Udir: Kvalitetskriterium i PP – tenesta

<http://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/samarbeid/pp-tjenesten/kvalitetskriterium-i-pp-tenesta/>



VINDAFJORD
KOMMUNE

ETNE
KOMMUNE



Vedlegg 1

Rutine URO FOR LÆRINGSUTBYTTET SKULE

Opplæringslova 5.4, forskrift til opplæringslova §3-11, 4.ledd og rundskriv F-04-13 frå KD

Når skule eller foreldre/føresette er bekymra for eit barn si faglege eller sosiale utvikling, fylgjer ein rutinen nedanfor. Spesped.ansvarleg deltek i førebyggjande arbeid og før evt. tilmelding.

Bruk handlingsrettleiaren og stafettlogg i arbeid, dokumentasjon av tiltak og evaluering.

| Prosess: | Oppgåve: | Ansvar: |
|--|--|--|
| Kartlegging og observasjon | Samla informasjon om gruppa/ klassen og barnet si fungering gjennom «Pedagogisk analyse» (- klasseleiing, felles praksis, struktur, utvikling, kva er utfordringa, er grunnleggjande behov for mat, kle og søvn ivareteke, er lekser følgt opp, prøvde tiltak m.m.) | Kontaktlærer |
| Heim/ skule | Samarbeidsmøte med foreldre/ føresette. Utvida informasjonen med foreldre/føresette sitt perspektiv <ul style="list-style-type: none"> - Gjer avtale om kartlegging; kva og kvifor? - Henta inn samtykke(munnleg) til å gjennomføra og drøfta kartleggingar med PP-kontakten | Kontaktlærer |
| Kartlegging | Kartlegging i samsvar med gjeldande kommunal plan. I tillegg avtalte testar: SPRÅK 6-16, 20 spørsmål | Kontaktlærer |
| 1.drøftingsmøte Kontaktlærer, spesped.ansvarleg, evt. PP-kontakten | Drøfting av informasjon, analyse av kartleggingsresultat. <ul style="list-style-type: none"> - Kva opprettheld situasjonen? - Kva kan ein jobba med og trenå på i gruppa? - Kva treng barnet trenå på? <p>→ Drøfta tiltak (mål, arbeidsmåtar, innhald, ramme) → Avtale tiltak og kven som har ansvar → Avtala tid for 2.drøftingsmøte</p> | Kontaktlærer/ spesped.ansvarleg, evt. rektor |
| Heim/skule | Gå gjennom resultat og planlagde tiltak | Kontaktlærer |
| Skule | Gjennomføring av tiltak 4-5 veker | Kontaktlærer |
| 2. drøftingsmøte Kontaktlærer/ spesped.ansvarleg, PP-kontakt | Drøfting av kva er effekt av planlagde tiltak. Drøfting av nye tiltak Avtala tid for nytt evalueringsmøte | Kontaktlærer/ rektor |
| Skule | Gjennomføring av tiltak 4-5 veker | Kontaktlærer |
| Evalueringmøte Kontaktlærer, rektor, foreldre/føresette | Alt 1: Evaluere tiltaka og avslutta prosessen. Gje vidare tilbod gjennom det ordinære. Alt 2: Evaluera tiltaka og vurderå vegen vidare. <i>Ved tilmelding til PPT fylgjer ein rutine for tilmelding til PPT.</i> | Kontaktlærer, rektor |



VINDAFJORD
KOMMUNE

ETNE
KOMMUNE



Vedlegg 2

Rutine STAFETTLOGGEN

Har du uro for utviklinga for eit barn i barnehage eller skule? Det vart gjort vedtak om at «Handlingsretteleiar» skal vera tilgjengeleg for føresette, barn/ungdom og tilsette på tvers av tenester i samarbeid og samhandling. Du finn handlingsretteleiar på:
Vindafjord kommune: <https://vindafjord.betreinnsats.no/> eller <https://etne.betreinnsats.no/>

Stafettlogg ertstatta tiltakslogg 01.08.2020. Du finn meir informasjon om «Stafettloggen» og om pålogging på <https://www.vindafjord.kommune.no/barn-og-skule/uro-for-eit-barn-bti/stafettloggen/>

1. Uro skal meldast frå om til leiaren. Leiaren gjev deg tilgang til «Stafettloggen».
 2. «Stafettloggen» vert teken i bruk på nivå 1, i samarbeid og etter skriftleg samtykke frå føresette. «Stafettlogg» vert oppretta i <https://stafettloggen.conexus.no/>. For å nytta Stafettloggen vert ID-porten nytta. Du vel pålogginga som passar best for deg. Last opp samtykket frå foreldre/føresette.
 3. Stafettloggen nyttar ein til dokumentasjon av tiltak gjennom «Tidleg innsats», tilvising til PPT. Stafettlogg nyttast ved melding til kommunen etter barnehagelova §37 og gjennomføring av tiltak.
 4. Den som er stafetthaldar skriv i «Stafettloggen». Det skal alltid vera eitt tiltak i barnehage/på skulen og eitt tiltak heime. Tiltaka skal vera konkrete, positive og ha mål om øving og meistring. Tiltak i «Stafettloggen» vert evaluert innan 4- 8 veker.
 5. Brukarretteleingar med brukarstøtte og tasteretteleiarar finn ein når ein er komen inn i stafettloggen om du klikkar på ? inne på startside i loggen. Brukarretteleingane kan ein ta utskrift av. Ein kan også få tilgang til opplæring gjennom demoversjon ved å logga inn her: <https://stafettloggen-kurs.conexus.no/> og nytta brukarnamn / passord: demo20 / BTI2000
 6. Om ei sak er tilvist andre tenester, får dei som har tiltak i prosessen, lesetilgang. «Stafettloggen» skal nyttast i rettleiingsarbeid og systematisk samarbeid som involverer fleire tenester. Samarbeidsdokument kan lastast opp som vedlegg under «notat» i stafettloggen.
- Tenester, inkludert PP-tenesta, får tilgang til «Stafettloggen» om saka vert ei rettleiingssak etter utgreiing eller det vert eit systematisk tverrfagleg arbeid i saka.
7. «Stafettloggen» vert nytta i oppfølging av saker knytt til barnehagelova § 31 og 37, jmf. rutine.
 8. Ved tilvising til PPT, skal alltid utskrift av «Stafettloggen» med dokumentasjon på tiltak og evaluering vera lagt ved tilvisinga.
 9. Når «Stafettloggen» vert avslutta, flyttar leiar loggen inn i barnehagemappa/ elevmappa i websak. Leiar har tilgang til å avslutta loggar.
 10. Den som er stafetthaldar, har ansvar for å flytta loggen over til ny stafetthaldar, enten i eiga eining, mellom einingar eller over til ny kommune.

Brukerveiledninger ▾



Vis brukerveiledning
Tasteveiledning - Opprette barn-logg
Tasteveiledning - Opprette oppmerksomhet
Tasteveiledning - Opprette tiltak og evaluere tiltak
Tasteveiledning - Nytt møte og registrer møte
Tasteveiledning - Overføre stafettlogg
Tasteveiledning - Motta overført stafettlogg
Tasteveiledning - Opprette brukere



VINDAFJORD
KOMMUNE

ETNE
KOMMUNE



Vedlegg 3

Unntatt offentlighet jfr. Off.l. § 13, jfr. Fvl. § 13 første ledd nr 1

PEDAGOGISK RAPPORT SKULE

| | |
|-------------|--|
| Namn | |
| Fødselsdato | |
| Skule | |
| Kommune | |

Den pedagogiske rapporten byggjer på:
Meld. St. 18 (2010/2011) Læring og fellesskap
Utdanningsdirektoratet sin rettleiar om «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» (2014)

Rapporten er heimla i opplæringslova §5-4: «Eleven eller foreldra kan krevje at skulen gjer dei undersøkingar som er naudsynte for å finna ut om eleven treng spesialundervisning, og eventuelt kva opplæring eleven treng. Undervisningspersonalet skal vurdera om ein elev treng spesialundervisning, og melde frå til rektor når slike behov er tilstades. Skulen skal ha vurdert og eventuelt ha prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet med sikte på å gi eleven tilfredstillande utbytte før det blir gjort sakkunnig vurdering.»

Kopi til elevmappa.



Foreldre har innsynsrett i alle saksdokument gjennom prosess knytt til opplæringslova §5.

| | |
|--|----------------------|
| BAKGRUNNSINFORMASJON: | |
| Kven har meldt bekymring for at eleven ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa? | |
| | |
| Kvifor vart bekymringa meldt? | |
| | |
| Kva tid starta vanskaner? | |
| | |
| Eleven si skulehistorie (tid for skulestart, skular eleven har gått på, dato for evt. skuleskifte) | |
| | |
| Rammer for opplæringa (klassestorleik, ressursar m.m.) | |
| | |
| Helseopplysningar | |
| SYN sjekka dato: | HØYRSLE sjekka dato: |
| Trivsel | |
| | |

| | |
|--|---------------|
| OPPLYSNINGAR FRÅ SAMTALE MED ELEVEN | Samtale dato: |
| Kva formidlar eleven om eigen situasjon | |
| | |
| Korleis lærer eleven best (sterke sider)? | |
| | |
| Korleis trivst eleven i klassen/gruppa (vennskap)? | |
| | |
| Kva interesser har eleven (fritidsinteresser, organiserte aktivitetar, hobbyar)? | |
| | |
| Kva opplever eleven som vanskeleg i læringsarbeidet ? | |
| | |



ELEVEN - GRUNNLEGGJANDE DUGLEIK, FAGLEG OG SOSIALT

Det er viktig å relatera elevens grunnleggjande dugleik til kompetansemåla for læreplanar i fag for det trinnet eleven høyrer til og at avtalte kartleggingar er tekne. Analyse av resultatane gjev grunnlag for ei sluttvurdering før evt. tilvising til PPT. Resultata og kopi av profilar (resultatsider av testar) vert lagt ved pedagogisk rapport. Momentlista bak i dette dokumentet kan nyttast som rettleiing, evt. vedlegg.

GRUNNLEGGJANDE DUGLEIK RELATERET TIL LÆREPLAN I NORSK

Lesedugleik – Å kunne lesa er definert som dugleik til avkoding og forståing av tekst.

| Kartleggingar: | Vedlegg: | Meistringsnivå, kommentar |
|--|----------|---------------------------|
| Nasjonale prøvar | | |
| Udir lesekartlegging | | |
| SPRÅK 5-6 (til 6 år) | | |
| SPRÅK 6-16 | | |
| 20 spørsmål | | |
| Ordkjedetest | | |
| Carlsten | | |
| Andre kartleggingar | | |
| Vurdering: (Er testresultata valide? Har eleven hatt framgang – ikkje progresjon osv.) | | |
| | | |

Skrivedugleik – Å kunna uttrykke seg skriftleg er ein måte og strukturera idéar og tankar på, men det er og ei kommunikasjonsform og ein metode for å læra.

| Kartleggingar: | Vedlegg: | Meistringsnivå, kommentar |
|--|----------|---------------------------|
| Carlsten- diktat | | |
| Andre kartleggingar | | |
| Vurdering: (Er testresultata valide? Har eleven hatt framgang – ikkje progresjon osv.) | | |
| | | |
| Munnleg dugleik – Å kunna uttrykkja seg munnleg er å ha tale og å delta i kommunikasjon som ved å lytte og samtale. | | |
| Vurdering: (Er testresultata valide? Har eleven hatt framgang – ikkje progresjon osv.) | | |
| | | |



| GRUNNLEGGJANDE DUGLEIK RELATERT TIL LÆREPLAN I MATEMATIKK | | |
|--|----------|---------------------------|
| Kartleggingar: | Vedlegg: | Meistringsnivå, kommentar |
| Nasjonale prøvar | | |
| Udir reknekartlegging | | |
| "Alle teller" | | |
| M-prøvar | | |
| Andre kartleggingar | | |
| Vurdering: (Er testresultata valide? Har eleven hatt framgang – ikkje progresjon osv.) | | |
| | | |

| FYSISK OG MOTORISK UTVIKLING |
|------------------------------|
| |

| SOSIAL KOMPETANSE- EMOSJONELL FUNGERING | |
|--|-----------|
| Område | Fungering |
| Ansvar | |
| Samarbeid | |
| Sjølvkontroll | |
| Sjølvhending | |
| Empati | |
| Kjenslemessige uttrykksformer | |
| Vurdering: (Framgang – ikke progresjon osv.) | |
| | |

| KONSENTRASJON OG MERKSEMD |
|---------------------------|
| |



ELEVEN SITT UTBYTE AV OPPLÆRINGSTILBODET. SKULEN SI VURDERING KVA FAG/OMRÅDE ELEVEN HAR BEHOV FOR SPESIALUNDERVISNING?

AVVIK frå kompetansemål er å ta vekk kompetansemål i Kunnskapsløftet.

1. Treng eleven spesialundervisning for å nå kompetansemåla i Kunnskapsløftet?
Skulen si vurdering av spesialpedagogiske tiltak.
2. Er det fag/ område der eleven ikkje er i stand til/ ikkje har utbytte av å arbeide med kompetansemåla for klassesteget sitt og treng avvik? Kva mål er realistiske?

Kompetansemål

Innhald

Arbeidsmåtar

Organisering og omfang

Kompetanse



| SÆRSKILD NORSKOPPLÆRING , jmf Opplæringslova §2-8 | |
|--|--|
| Har eleven fått pedagogisk støtte på sitt eiga morsmål/ tospråkleg fagopplæring? | |
| Følgjer eleven læreplanen i grunnleggande norsk for språklege minoritetar? o nivå | |
| Beskriv denne opplæringa o tal timar o organisering o materiell | |

| ANNA RELEVANT INFORMASJON (Leksegjering, Fråvær, Anna) |
|---|
| |

| Underskrift: | | |
|---------------------|-------|-------|
